



Møre og Romsdal
fylkeskommune

SAKSFRAMLEGG

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
5.9.2013	2013/1827	Morten Larsen

Saksnr 14/13	Utval Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet i tannhelsesektoren	Møtedato 10.9.2013
-------------------------------	---	------------------------------

Oppfølging av hørselstestar

I samband med behandlinga av HMS-årsrapport 2012 (sak 3/2012) gjorde SAMU-T vedtak om at "distrikta skal prioritere hørselstestar og risikovurdering av støyfaktorar i samband med vernerundar/arbeidsmiljøkartlegging i 2013".

I oppfølginga v vedtaket gikk fylkestannlegen ut med slik informasjon til overtannlegane 7.3.2013:

"I følge HMS-årshjulet er det tid for risikovurdering, vernerunder/HMS-kartlegging. På siste møte i SAMU-T ble det diskutert føringer for de forestående kartleggingene, og utvalget gjorde vedtak om at "distrikta skal prioritere hørselstestar og risikovurdering av støyfaktorar i samband med vernerundar/arbeidsmiljøkartlegging i 2013".

Fylkestannlegen vil legge slike føringer:

Hørselstest

Hørselstestene skal omfatte alle tilsatte, og for å spare tid og penger foreslår vi at hørselstestene blir gjennomført i samband med det første distriktsmøtet i vår. Rent praktisk gjøres dette ved at Stamina HOT etablerer seg med audiometriutstyret på et eget rom i tilknytning til møterommet for distriktsmøtet. (Det er ingen krav til "lydtette" rom for gjennomføring av slike undersøkelser). Testen vil ta ca. 10 minutter pr. person, slik at alle tilsatte i distriktet, i tur og orden, kan få gjort testen i løpet av møtedagen. Så snart overtannlegene har dato for neste distriktsmøte avtales gjennomføring/praktisk opplegg direkte med distriktet sin kontaktperson i Stamina HOT. (Tilnærmingen er avklart med Venke Dale i Stamina HOT).

Støymåling

Her velger overtannlegen ut to "representative" klinikker i hvert distrikt, og gjør avtale med Stamina HOT om dato for støymålingen. Det anses ikke nødvendig å støymåle alle klinikkene, men at et representativt utvalg av klinikker vil gi oss den kunnskapen vi trenger.

Oppfølging

Stamina HOT inviteres på neste distriktsmøte 2. halvår 2013 for en gjennomgang av hovedresultatene fra både hørselstestene og støymålingen. Her vil det bli fokus på forebyggende og risikoreduerende tiltak.

Tiltak

Tiltak må vurderes i lys av kartleggingen og individuelle behov, og det er p.t. for tidlig å legge føringer på dette. (Ut fra enkeltstående henvendelser vi har fått i det siste, har vi kommunisert at tannhelsetjenesten ikke har økonomi til å finansiere individuelt tilpasset/formstøpt hørselsvern som generell ordning for alle tilsatte i tannhelsetjenesten. AML § 3-2 sier at "Når det ikke på annen måte kan tas forholdsregler for å oppnå tilstrekkelig vern om liv eller helse, skal arbeidsgiver sørge for at tilfredsstillende personlig verneutstyr stilles til arbeidstakers rådighet, at arbeidstaker gis opplæring i bruken av utstyret og at det tas i bruk." Dette er forhold vi må komme tilbake til når resultatene av målingene og testene foreligger. Det blir viktig å få en oversikt over alternative støyreduerende tiltak som vurderes tilfredsstillende.)

Vi presiserer videre at at den økonomiske ramma som er avsatt til bedriftshelsetjenester gjelder kjøp av tjenester fra Stamina HOT. Innkjøp av utstyr m.v. må finansieres over klinikkbudsjettet.”

Per dato har alle tannhelsedistrikt, med unntak av Nordmøre tannhelsedistrikt, gjennomført hørselstest og støymålingar.

Ikkje alle tilsette har gjennomført hørselstest. Det er også eit spørsmål om dette er nødvendig. Kartleggingane som er gjennomført har eit så vidt stort omfang at dei gir eit representativt bilde av situasjonen i tannhelsetenesta som grunnlag for å vurdere aktuelle tiltak.

Overtannlege i NSSR uttrykker denne problemstillinga slik: *“Vi gjennomførte testene på siste distriktsmøte, men ikke alle var tilstede pga sykdom etc - mangler 8 spredt på ulike klinikker. Testing av resterende må da utsettes til neste møte eller tas på ulike distriktskontor for Stamina Hot.*

Er hensikten at alle skal testes slik at evt tiltak individuelt kan vurderes? Eller er det på systemnivå vi er interessert i funn, dvs vurdere generelle tiltak basert på oppsummering av funnene ved hørselstesting? At Stamina Hot skal presentere funn generelt, og dermed generelle tiltak mot støy? Eller bør absolutt alle testes - slik at vi må organisere det videre for de som foreløpig ikke har tatt denne? Dette dersom f.eks individuelt hørselsvern skal vurderes for den enkelte.”

Vi ønskjer å gå ein runde i SAMU-T før vi tar stilling til vidare oppfølging.

Rapportar frå gjennomførte audiometriundersøkingar er vedlagt.

Anthony N. Valen
Fylkestannlege

Morten Larsen
Kontorsjef